



Kristine Hunter Allport
Titlandsvegen 389
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/7083 - 14/24622

Saksbehandlar:
Eli Bjørklid
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:
03.11.2014

Gbnr129/75 Nappane, deling av grunneigedom for overføring av parsell til gbnr129/11.

Eigedom: Gnr.129 bnr.75 Nappane
Adresse for eigned.: Titlandsvegen, 405, 5912 Seim
Type tiltak: Deling av grunneigedom for arealoverføring
Heimelshavar: Kristine Hunter Allport og Charles Sommerseth Lilleskare
Søker: Dei same

Saka gjeld:

Det vert søkt om løyve til å dele frå 4800m² frå gnr.129 bnr.75 for å overføre arealet til gnr.129 bnr.11. Gnr.129/75 vert eigd av Lilleskare og Allport saman, medan Lilleskare eig 129/11.

A129/75 har eit totalt areal på 7,0da, medan 129/11 har eit totalt areal på 5,2da. Det ligg ikkje føre nærare grunngeving for tiltaket.

Planstatus/dispensasjonar:

Området er i gjeldande plan sett av til bustadføremål. Det grenser elles til fritidsområde og til næring. Det er ikkje naudsynt med dispensasjon for å gjennomføre tiltaket.

Nabovarsel:

Naboane har fått varsel, men har ikkje hatt noko å merke til tiltaket.

Tilkomst/vassforsyning og avløp:

Parsellen som vert delt frå er bygd med eit uthus. Det er tilkomst til parsellen både frå 129/11 og frå 129/75. Deling fører såleis ikkje til endring i tilkomsttilhøva.

Vassforsyning og avløp vert uendra. Det er ikkje planar om å føre opp nytt bygg.

Det er ikkje naudsynt å sende saka på høyring til anna mynde.



VEDTAK:

Med heimel i pbl §20-1 bokstav m) gjev Lindås kommune løyve til å dele frå ein parsell frå gnr.129 bnr.75 slik det er søkt om og synt i kart merka vedlegg 2 til søknad stempla motteke 07.10.2014. Parsellen skal overførast til gnr.129 bnr.11 og føyast saman med dette gbnr. Tiltaket er i samsvar med gjeldande plan.

Grunngjeving for vedtaket:

Kommunen vurderer søknad om deling etter pbl §20-1 og §26-1 «Eigedom må ikkje delast på ein slik måte at det oppstår forhold som er i strid med lova, forskrift, vedtekt eller plan. Heller ikkje må eigedom delast slik at det vert skipa tomter som etter kommunen sitt skjøn er mindre vel eigna til bygging på grunn av storleik eller form.»

Det gjeld overføring av areal frå eit gbnr til eit anna, der begge nr. har tilnærma same eigar og der eigedommane i si heilskap ligg i område sett av til bustadføremål.

Søknad om deling er vurdert og løyve gjeve etter offentlegrettslege føresegner gjeve i eller med heimel i plan- og bygningslova. Det kan hefte servituttar ved eigdommen som privatrettsleg kan vere til hinder for deling. Privatrettslege forhold vedkjem ikkje løyvet til deling gjeve av kommunen med heimel i pbl.

Bortfall av løyve:

Dersom deling ikkje er gjennomført med oppmålingsforretning innan tre år etter at løyvet deling er gjeve, fell løyvet bort, jf. pbl §21-9.

Gebyr:

Etter gebyrregulativet til kommunen vedteke i desember 2013 gjeldande for 2014, vert det sendt ut følgjande gebyr:

Deling, søknad i uregulert område, andre formål kr.5800,-

Mynde:

Saka er handsama og avgjort av Areal- og miljøavdelinga i høve til delegert mynde.

Klage:

Avgjerda er eit enkeltvedtak, og partane kan klage til overordna mynde over avgjerda innan tre veker, jf. Forvaltningslova §§ 28 flg.

Med helsing

Arnold Matre
fagleiar

Eli Bjørklid
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Kristine Hunter Allport

Charles Sommerseth Lilleskare

Titlandsvegen 389 5912

Titlandsvegen 389 5912

SEIM

SEIM